

Velkommen til sommarkurs!

Vi takkar for påmeldinga til sommarkurs! Du er meldt på til **Rødt kurs på Molde Folkehøgskule, Molde, torsdag 7. juli til tirsdag 12. juli 2016.**

46 deltakarar er påmelde i skrivande stund (2.juni 2016) på det raude kurset. Vi gler oss til kjempeflotte dagar med mykje musikk og aktivitetar, og vi skal gjere vårt aller beste for at du skal få både trivelege og lærerike dagar!

Frammøte: Molde Folkehøgskule, Molde, **torsdag 7. juli frå kl. 14 - 15:15. Vi vil halde eit informasjonsmøte for deltakarar og foreldre kl. 15.30, så det er fint om foreldre har mogeligheit til å være tilstades då.**

Avslutningskonsert: Uformell avslutningskonsert på folkehøgskulen tirsdag 12. juli kl. 13. Vi håpar slekt og vener tek turen for å høyre på!

Opphald: Innkvartering med sovepose/dyne i senger på to-, tre- og firemannsrom. Deltakarar frå same korps vil så langt som råd bli plassert på same rom. Det vert servert tre måltid per dag: frukost, middag og kveldsmat. Sjølvstekt blir det tilsyn av vakse personale heile døgnet. Det er lurt å ha spist litt på førehand slik at ein ikkje blir svolten rett etter kursstart.

Musikalsk leiar for kurset er Lars-André Gudmundset og leirsjef er Asbjørn Faleide Fristad. Oversikt over alle lærarane på kursa ligg ute på NMF Nordvest sine heimesider.

Kva skal eg ha med? Sjå neste side.

Reglement: Alle deltakarane må følge kursreglementet (sjå neste side).

Viktig! Viss du ikkje kan møte på kurset likevel, må du gje beskjed til regionkontoret **snarast råd.** Beskjed om dette gjer du på e-post nordvest@musikkorps.no, tlf 45414522. Dersom du vert sjuk må du få sjukemelding/ legeattest som må sendast til kontoret snarast råd. Då vil du få kursavgifta refundert. **Påmeldinga er bindande, og kursavgifta vert ikkje refundert utan legeerklæring.**

Lurer du på noko? Ikkje nøl med å ta kontakt med regionkontoret!

Det vert ikkje sendt ut fleire infobrev enn dette før kurset. All vidare informasjon vert å finne på NMF Nordvest sine heimesider www.musikkorps.no/nordvest.

Vi ynskjer deg hjarteleg velkomen til sommarkurs 2016!


Beste helsing

NMF Nordvest
Jørgen André Brecke
Musikkonsulent



Sjå neste side...





SOMMARKURS 2016

Hugs å ta med:

- ☺ Feilfritt instrument med tilhørende utstyr
- ☺ Notestativ (hugs å merke med namn!)
- ☺ Sovepose/dyne, laken og ev. pute
- ☺ Skrivesaker
- ☺ Note- og skrivebok
- ☺ Toalettsaker
- ☺ Personlege medisinar
- ☺ Svart bukse og svarte sko til avslutningskonserten (t skjorte blir delt ut)
- ☺ Innesko
- ☺ Drikkeflaske
- ☺ Treningskle/joggesko

Slagverkarane

skal òg ha med:

(NB! Hugs å merke utstyret godt!)

- ☺ Lilletromme med stativ
- ☺ Stikker, køller, vispar
- ☺ Øvingstromme

Reglement:

- 1 Elevane pliktar til ei kvar tid å rette seg etter dei beskjedar som blir gjevne av personalet på musikkleiren.
- 2 Alle fastsette frammøtetider, rosignal, vekke- og etetider skal overhaldast.
- 3 Elevane skal møte opp i god tid før kvar undervisningstime slik at dei er speleklare når timen tek til.
- 4 Elevane skal opphalde seg på skulen sitt område under kurset. Ingen må forlate skulen utan løyve frå leirsjef.
- 5 Røyking er forbode innandørs.
- 6 All bruk av alkohol og andre rusmiddel er forbode.
- 7 Det skal vere sovero på rommene frå kl 22.00 til 07.00.
- 8 Brot på reglementet vil føre til utvising frå musikkleiren utan tilbakebetaling av kursavgifta. Rapport vert sendt til korps og regionstyret.
- 9 Energidrikker som Red Bull og liknande er ikkje lov på sommarkurset.



... og alle kjem sjølvstilt til sommarkurset med godt humør og speglede!

VELKOMEN PÅ SOMMARKURS!

Lurer du på noko? Meir informasjon får du på regionkontoret:

Tlf 45414522 e-post nordvest@musikkorps.no

